



Mjåtveitmarka B16 AS  
c/o Byggmester Hitland AS Midtunheia 2  
5224 NESTTUN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/16295 - 22/88840

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
21.11.2022

Ferdigattest - gbnr 322/166 s.19-22 4-mannsbustad hus 04 B24  
Mjåtveit

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1318/22  
**Tiltakshavar:** Mjåtveitmarka B16 AS  
**Ansvarleg søkjar:** Tyark AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

#### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for 4-mannsbustad hus 04 felt B24 på gbnr 322/166 seksjonar 19-22. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 16/3000, datert 03.02.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 31.10.22.

#### Skildring

Adresse:	Mjåtveitmarka 50 A, B, C, D, seksjonar 19-22
Bygningstiltak:	Rekkjehus med 4 bueiningar
Bygningsnummer:	50A: 300609760, 50B:300609762; 50C: 300609763; 50D: 300609764

Bruksareal:	50A: 133,4 m2, 50B: 115,4 m2; 50C:115,4 m2; 50D:133,4 m2
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	0

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16295

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Tyark AS

Strandgaten 19 5013

BERGEN

### Mottakarar:

Mjåtveitmarka B16 AS

c/o 5224  
Byggmester  
Hitland AS  
Midtunheia 2

NESTTUN